

Stefan Heggelund
@Stefanheggelund

Følg

OsloMet. Bane NOR. Norec. Snart bytter vel partiet mitt navn til NorKon. Er bare å beklage, men virker helt umulig å stoppe denne «utviklingen».

03:17 - 17. aug. 2018

Sterk kritikk av nye namn

Stadig fleire namn i staten bryt med norsk rettskriving. – Språket vårt er identiteten vår og kulturen vår, og det irriterer meg at styresmaktene ikkje ser på det som godt nok lenger, seier stortingsrepresentant Stefan Heggelund.

AV ASTRID MARIE GROV

«Bane NOR», «OsloMet», «Norec». Det har dei siste åra komme fleire namn på statlege verksemdar som er i strid anten med norsk rettskriving, retningsliner for god namneskikk eller begge delar. Ein som er lei av det, er stortingsrepresentant Stefan Heggelund (H).

– Det er ganske utruleg at ein institusjon som hadde eit så flott namn som Fredskorpset, finn ut at dei skal heite «Norec». Jernbaneverket var også eit godt og informativt namn, som er endra til «Bane NOR». Dessverre ser det ut til at det er umogeleg å stoppe den såkalla utviklinga.

Mykje støtte

Heggelund meiner det offentlege må vere eit føredøme når det gjeld namnsetjing på norsk.

– Vi må kunne forvente at offentleg eigde institusjonar følgjer norske rettskrivingsreglar og har eit norsk namn. Det irriterer meg at styresmaktene ikkje ser på språket vårt som godt nok lenger, og eg meiner regjeringa skulle ha sett foten ned for fleire av desse namna. Då eg stilte spørsmål i Stortinget om kva «OsloMet – storbyuniversitetet» heitte på nynorsk og bokmål, svarta statsråden at dét er det norske namnet. Eg er ueinig i at det er eit norsk namn. Sjølv sagt skal norske institusjonar òg ha namn på engelsk, men i Noreg bør dei bruke det norske namnet.

Heggelund etterlyser respekt for språket som kulturarv. Språket vårt er identiteten vår og kulturen vår, seier han. ▶

Barn og medier

Unge menneskers mediebruk var tema for seminaret «Barn og medier. Historiefortelling og medvirkning på ulike plattformer», som Språkrådet og Norsk barnebokinstitutt arrangerte i september.

På seminaret presenterte Kantar TNS undersøkinga Mediebarn 2018, som viser at norsk dominerer når barn ser TV-program, og at engelsk dominerer når de ser korte videosnutter på YouTube og spiller dataspill. Representantar fra kultursektoren drøfta hva de nye medievanene har å si for språkbruken, teknologiutviklinga og virkemidlene i språkpolitikken.

Unge mediebrukere er ett av flere tema i en rapport fra Språkrådets framtidsutvalg. I rapporten peker utvalget på viktige tiltak som bør prioriteres i norsk språkpolitikk i åra framover. Rapporten offentliggjøres 19. november.

Velkommen til Språkrådets opne nynorsk kurs i Bergen 12. november! Les meir på sprakradet.no/nynorsk kurs.

– Her i landet har vi vore svært opptekne av språk og brukt det aktivt i nasjonsbygginga. Eg er lei av anglifiseringa som vi ser overalt, ikkje berre hjå styresmaktene, men òg i næringslivet. Går du rundt i Vika her i Oslo, er det som å vere i utlandet, for der er det ingenting som heiter noko på norsk.

Stefan Heggelund har mellom anna brukt sosiale medium til å protestere mot bruken av dei nye namna. Han fortel at han har fått svært mykje støtte.

– Eg har knapt lagt ut noko som har skapt meir merksemd, og det viser at det er mange som irriterer seg. Eg skal ikkje gje meg ut for å vere bedriftsrådgjevar, men eg trur det er eit strategisk feilgrep å ikkje velje norske namn. Norske namn blir tekne godt imot i folket.

Etterlyser språklov

Språkrådet har nyleg sendt eit brev til Kulturdepartementet der direktør Åse Wetås uttrykkjer uro over utviklinga i statleg namnelaging. Ho meiner at det må kome tydelegare føringar.

– Offentlege institusjonar kan ikkje få te seg som om dei var private. Vi har rettskrivingsreglar som statlege organ skal følgje, og det er det ein grunn til.

Rettskrivinga blir forvalta av den norske staten, og det bør vere sjølvsgatt at statlege institusjonar følgjer rettskrivingsreglane, meiner Wetås.

– Noko av det viktigaste vi lærer ungane våre i skulen, er å skrive rett. Når staten ikkje følgjer rettskrivingsreglane, korleis kan vi då vente at samfunnet elles viser respekt for dei? Staten

skal ikkje bryte eigen språkpolitikk.

Namneskiftet frå Fredskorpset til «Norec» vart annonsert i august i samband med at organisasjonen flyttar frå Oslo til Førde. Wetås seier «Norec» er det siste i rekkja av statlege namn som ikkje held språkleg mål.

– Statlege organ er pålagde å konsultere Språkrådet når dei skal kome fram til eit nytt namn. Dessverre er det mange som ikkje gjer det, og «Norec» er eitt av dei. Organisasjonen marknadsfører seg med ei forkorting av det engelske namnet, Norwegian Agency for Exchange Cooperation, og kan vanskeleg kan seiast å vere eit norsk namn. Namnet er òg heilt ueigna til å fortelje kva institusjonen driv med.

Wetås meiner namn som ikkje er sjølvforklarande, aukar avstanden til ålmenta.

– Det har gjennom mange år vore eit viktig mål at staten skal bruke eit klårt og godt språk. Språkrådet har saman med Difi hatt ansvaret for dette arbeidet. Verksemdnamn som bryt med norsk rettskriving, og som ikkje gjer det klårt kva verksemda driv med, fremjar ikkje god kommunikasjon mellom staten og borgarane.

No bør retningslinjer for namnelaging i staten takast inn i lovverket, meiner Åse Wetås.

– Regjeringa ønskjer å få til ei språklov, der alt regelverk om språk skal samlast. Språkrådet meiner lova òg bør innehalde reglar for namnelaging i staten. Namna våre er for viktige til at PR-byrå kan få rå over dei aleine. ●

– **Det norske namnet vårt er** Norsk senter for utvekslingssamarbeid, og det vil vi nytte når vi presenterer oss i norsk samanheng. Men det er langt, så vi nyttar forkortinga Norec fordi det tydeleggjer vår plass i forvaltninga, under UD saman med Norad og Norfund. Akronymet kjem frå det engelske namnet fordi vi opererer mest i utlandet, og vi meinte det var best av alternativa, seier direktør Jan Olav Baarøy i Norsk senter for utvekslingssamarbeid i eit tilsvar.



– Namnet Fredskorpset er kjempefint, og vi er stolte av historia. Men vi har store utfordringar med at mange trur vi er ein frivillig eller religiøs organisasjon, og det har vore vanskeleg å kommunisere i utlandet. Fredskorpset var også namnet på korpset av hjelpearbeidarar som reiste til utviklingsland på 60-talet, og det representerer ikkje det vi driv med i dag.

Direktør Jan Olav Baarøy og utviklingsminister Nikolai Astrup avduka det nye namnet i Førde i august. Foto: fredskorpset.no

Korleis arbeide med omgrep, termar og definisjonar?

Arbeid med omgrep, termar og definisjonar er viktig i forenkling- og digitaliseringsstrategia i offentleg sektor. I dette arbeidet kan det vere aktuelt å lage termbasar (omgrepskatalogar). Det finst fleire tilbod til organisasjonar som treng hjelp.

Kurs og retningslinjer

Språkrådet tilbyr både kurs og skriftleg materiell. Dei som ønskjer å lære meir om korleis ein kan arbeide med omgrep og skrive definisjonar, kan lese innføringsheftet Termlosen, som ligg på sprakradet.no/termlosen.

Ta gjerne kontakt med Språkrådet om organisasjonen din ønskjer eit tilpassa kurs.

Standard for omgrepsbeskrivingar

Ein revidert standard for omgrepsbeskrivingar er no ute på høyring. Standarden spesifiserer kva rubrikkar eller datafelt ein skal nytte når organisasjonen skal registrere termar og definisjonar, både obligatoriske og valfrie. Standarden ligg på difi.no/horinger.

Standard for maskinell tilgjengeleggjering

To standardar for maskinell tilgjengeleggjering av omgrep er òg på høyring. Desse datatekniske standardane skal gjere det mogleg for organisasjonar å overføre omgrep til eller motta omgrep frå andre organisasjonar. Standardane ligg på difi.no/horinger.

Felles omgrepskatalog

Brønnøysundregistra arbeider med ein felles omgrepskatalog der offentlege organisasjonar kan gjere termane og definisjonane sine synlege og dele dei med kvarandre og omverda. Venteleg vil løysinga vere klar neste år.

Seminar

Saman med Difi og andre legg Språkrådet til rette for omgrepssamarbeid i det offentlege, og vi arrangerer jamleg seminar om emnet. Følg med på sprakradet.no.

Navn på statsorganer

Navn i staten har en viktig demokratisk funksjon: De er knagger til å henge samfunnskunnskap på, og de er kontaktpunkt mellom myndighetene og folket. Hvordan kan man lage formålstjenlige navn? Her er noen retningslinjer som kan lette navnsettingen.

Navnet skal finnes i begge målformer og være korrekt skrevet

Navn på statsorganer skal finnes på både bokmål og nynorsk. Et navn som fungerer på begge målformer, er det mest praktiske. Uansett skal navnet eller navnene følge den gjeldende rettskrivningen.

Navn bør ikke endres uten svært god grunn

Gjenkjennelesverdi er også informasjonsverdi. At et innarbeidet navn ikke (lenger) er helt dekkende, er ikke nødvendigvis verre enn at et innarbeidet og velkjent navn forsvinner. Når et navn først skal skiftes ut, kan det være en fordel om det nye navnet har en viss tilknytning til det forrige navnet.

Navnet bør være lett å forstå

- **Lettfattelig og gjenkjennelig:** Navnet bør være mest mulig selvforklarende og lett å huske. Det er ingen ulempe om det synes i navnet at institusjonen er offentlig. Få gjerne med virksomhetstypen, f.eks. er *Språkrådet* og *Finanstilsynet* bedre enn usammensatte allmennord alene, som «Språk» og «Finans».
- **Entydig:** Navnet bør vise mest mulig entydig til det det skal betegne, og ikke minne om navn på andre virksomheter.

- **Nokså presist:** Navnet må være fullt forståelig, men det kan ikke alltid være helt nøyaktig. Det kan være nok at det framhever statsorganets viktigste oppgave(r).

Navnet bør være godt oppbygd

- **Relativt kort:** Navnet bør ikke være unødig langt. Ikke alt må nevnes; det kan være nok å peke i riktig retning.
- **Med preposisjon:** Bruk gjerne preposisjoner i navnet. Preposisjoner er klargjørende: *seksjonen for offentlig forvaltning*.
- **«Naturlig» grammatikk:** Bruk helst vanlig talemålsgrammatikk. Unngå «rubrikknorske» uttrykk der hovedordet kommer først, som «Språkråd Norge», «Råd språk nord» o.l. i stedet for *Språkrådet*.



Navnet bør være nøkternt og slitesterkt

Et nytt navn bør lages for å vare i mange år. Man bør ta samfunnsutviklingen og den teknologiske utviklingen med i regningen, og legge vekt på de lange linjene. Man bør unngå ren pynt og reklame i navnet, det jordnære er oftest best.

Utdypende retningslinjer for navnsetting finner du på språkradet.no/navnsetting-statsorganer.

Statens pensjonskasse Patentstyret
 Sjøfartsdirektoratet STATSBYGG KYSTVERKET
 HELSEDIREKTORATET Datatilsynet Utlendingsnemnda
 Sivilforsvaret Politidirektoratet
 Norsk kulturminnefond Meteorologisk institutt

Returadresse:
Språkrådet,
Postboks 1573 Vika,
0118 Oslo



SPRÅKTIPS

Komprimering 1 Skjult betingelse og skjult ansvar

Skilt med tekster som *Ved brann ring 110* og *Ved heisstans ring vaktentralen* er velkjent for de fleste. Den underliggende betingelsen er komprimert, men likevel opplagt: *Hvis det brenner, ring 110* og *Hvis heisen stanser, ring vaktentralen*.

Ved + substantiv er en språklig snarvei som kan være god å ty til. Rent grammatisk er det ikke noe i veien for å bruke den. Men vær oppmerksom på at den kan skjule viktige betingelser som kan og bør uttrykkes i setninger.

Et transportselskap i hovedstaden gir blant annet denne informasjonen til passasjerene sine:

- **Gebyr ved kontroll kr 1150.**

Her er mye viktig informasjon underforstått:

→ ***Hvis det blir kontroll og du ikke kan vise gyldig billett, må du betale et gebyr på kr 1150.***

En vanlig formulering i brev fra det offentlige til folk som skylder penger, er denne:

- ***Ved manglende betaling vil kravet bli oversendt Statens innkrevingssentral for inndrivelse.***

Underforstått:

→ ***Hvis du ikke betaler, vil kravet bli oversendt Statens innkrevingssentral, som vil inndrive det beløpet du skylder.***

Skribentens snarvei kan bli en omvei for leseren. Hvis du vil at leseren skal gjøre noe, kan det være lurt å skrive betingelsen fullt ut i stedet for å komprimere.

Sitatet

«Heldigvis kan tilstrekkelig velvalgte ord dekke over selv de hesligste fakta.»

AGATHA CHRISTIE

Komprimering 2 Skjult rollebytte

En annen form for komprimering ser vi ofte i avisoverskrifter. Rett som det er, sløyfes subjektet:

*Krever høyere bompengavgift
Raser mot nytt regelverk*

Subjektet dukker snart opp i konteksten, så dette fungerer greit.

En annen vanlig overskrift er den todelte med tankestrek i midten. Subjektet i setningen til høyre for tankestreken kan sløyfes hvis det er identisk med subjektet i setningen til venstre:

Hund oppdaget mann i sjøen – reddet mannen i tide

Her er det opplagt at hunden både oppdaget og reddet mannen. Men når subjektet i setningen til venstre ikke er identisk med subjektet i setningen til høyre, kan ikke subjektet til høyre sløyfes uten at det får følger:

Hund oppdaget mann i sjøen – ble reddet

Her ser det ut til at det er hunden som ble reddet!

Bak tankestreken ligger et skjult rollebytte. Det underforståtte subjektet i den amputerte setningen til høyre er selvsagt mannen, men siden det ikke er uttrykt eksplisitt, kan effekten bli nokså pussig.

Flere eksempler av samme slag:

*Gjess ødelegger
avlinger – vil ha
tidligere jaktlesong*

*Norgeshistoriens lengste
arbeidskonflikt krever sitt
– har gått ned 30 kilo*

*Her blir elg påkjørt
annenhver dag – får
ikke sette opp fareskilt*

Livstrette gjess?

**Arbeidskonflikt gikk
ned 30 kilo.**

**Elg får ikke sette
opp skilt.**

I overskrifter er det viktig å spare plass, men noen ganger kan sparingen få utilsiktede konsekvenser!

SPRÅKEGGET

– sakset fra en og samme artikkel i en riksavis:

*Sosionomen legger hodet på
snei og smiler.*

*Sosionomen legger hodet
medfølende til siden.*

*Journalisten har nok lagt
hodet til side.*

Språkspørsmålet

Er det ein regel for korleis ein viser til tidlegare brev i formelle e-postar eller brev? Heiter det t.d. *Vi viser til brev av 6. mai*, eller kan eg utelate preposisjonen?

Svar: Begge uttrykksmåtene (både med og utan preposisjon) er i bruk. Preposisjonen *av* blir brukt i svært mange samanhengar, mellom anna i uttrykk med dato eller tidspunkt. Tradisjonelt har det vore vanleg å ha med preposisjonen i slike tilvisingar. *Vi viser til brev av 6. mai* er i tråd med norsk syntaks, men mange vel å utelate preposisjonen. Du kan også skrive *brev datert 6. mai*.